

## Saksprotokoll i kontrollutvalet - 30.10.2017

### Handsaming i møte

Planlagt felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.11.17 i høve samanslåing av dei to fylkeskommunane, vert av praktiske grunnar å avvikle som videokonferanse. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune deltek i møterom i Fylkeshuset i Bergen og kontrollutvalet i Sogn og Fjordane deltek i møterom frå Leikanger. Det vert også lagt opp til at kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal ha eit formøte frå kl. 10.00 – 12.00 og at fellesmøtet kan starte kl. 13.00.

Ruth Eriksen orienterte om at møta som er planlagt til 12.03.2018 og 04.06.2018 kolliderer med møter i KS som ho skal delta på. Dersom ho ikkje klarer å få endre desse møta tok ho opp spørsmålet om møta i kontrollutvalet kan flyttast til hhv. 13.03.2018 og 05.06.2018. Kontrollutvalet hadde i tilfelle ikkje innvendingar til dette. Sekretariatet fekk fullmakt til å gjera tilpassingar i møteplanen når Eriksen har fått gjort naudsynte avklaringar.

Sekretariatet har fått informasjon frå Eriksen om at ho ikkje fekk endra møtedatoane i KS. Den 12.03.18 er det planlagt eit 2-timars kurs som skal heldast i «Vestlandet». Det viser seg at «Vestlandet» ikkje er ledig 13.03.18. På bakgrunn av dette vert møtet 12.03.2018 ikkje endra, medan møtet 04.06.2018 vert endra til 05.06.2018.

Etter dette vart slikt vedtak samrøystes vedteke.

### Vedtak

1. Kontrollutvalet sitt felles møte med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane fylkeskommune 21.11.2017 vert å halde som videokonferanse. Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune skal starte med eit formøte kl. 10.00 – 12.00 og deretter felles videokonferanse med kontrollutvalet i Sogn og Fjordane frå kl. 13.00.
2. Møtet som er planlagt til 04.06.2018 vert flytta til 05.06.2018.